

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
AO, TI-&14
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 21.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
049/21	Ungdomsråd	08.11.2021
072/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.11.2021
	Alver kommunestyre	

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020/2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Ungdomsråd 08.11.2021:

Handsaming:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 049/21 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 072/21 Vedtak:

Innstilling i OKK - 09.11.2021:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til orientering i Ungdomsrådet, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur og Alver kommunestyre.

Saksopplysninger:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen* går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følge opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Skuleeigar skal, jf. opplæringslova § 13-3e, drøfte den årlege rapporten. For Alver kommune er det

kommunestyret som er politisk skuleeigar. Dei folkevalde skal difor drøfte rapporten.

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 er vedlagt i saka.

Vedlegg i saken:

01.11.2021 Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021

1633130